



Universitetet i Bergen  
Postboks 7800  
5020 BERGEN

Dato: 22.01.2016  
Vår ref.: 2015/4545-3  
Saksbehandlar: anethom  
Dykkar ref.:

## Oppnemning av medlemmer til styret for stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland.

Etter §3vedtekten for stiftinga Skrivekunstakademiet i Hordaland er fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune representantskap for stiftinga. Etter §3.2 har representantskapet m.a. til oppgåve å velje styre og styreformann for stiftinga. Styret skal bestå av 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Valperioden følgjer valperioden for Fylkestinget, dvs 2016 til 2020. Eit styremedlem med varamedlem skal veljast etter forslag frå Universitetet i Bergen, eit styremedlem med varamedlem skal veljast etter forslag frå Den norske forfattarforeining, mens dei tre resterande medlemmene skal veljast på fritt grunnlag.

Vi oppmodar med dette Universitetet i Bergen til å sende inn namn på sin kandidat til styret med varamedlem.

Saka vil bli handsama av Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune i møtet 24/25 februar 2016. Vi ber derfor om at dykkar forslag vert sendt til oss innan 31 januar 2016.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*